

---

Saknr: 2020/39634-10  
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Forslag om freding av Dalheim/Singerheimen i Stryn kommune. Oversending til Riksantikvaren.

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av Dalheim/Singerheimen i Stryn kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren, og ber om at det vert gjort vedtak om freding av anlegget i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

## Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune varsla 20. mai 2019 oppstart av fredingssak for Dalheim/Singerheimen i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19, jf. § 22. Forslag om freding av anlegget vart lagt ut på høyring/offentleg ettersyn 19. desember 2019, og handsama av kommunestyret i Stryn kommune den 14. mai 2020. Deretter har administrasjonen gått igjennom alle dei innkomne merknadane til forslag om freding, samt Stryn kommunestyre si handsaming, og på bakgrunn av dette utarbeida eit endeleg forslag om freding av anlegget. Vestland fylkeskommune skal no sende saka over til Riksantikvaren for vedtak.

Dalheim var bustaden til ekteparet Anna Brugh Singer og William Henry Singer jr. Ekteparet var sentrale for bygginga av Nordfjord sjukehus, vegen Olden-Innvik, samt oppretting av nye kunstinstitusjonar i Nederland og USA. I tillegg var William H. Singer jr. ein anerkjend kunstmålar i si samtid. Anlegget på Dalheim er bygd opp rundt deira livsstil, deira virke som samlarar av kunst og antikvitetar, samt William Singer jr. sitt arbeid som utøvande kunstnar.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i mange år hatt ein tett dialog med Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde som eig eigedomen. Fylkeskommunen oppnemner to av medlemmene i styret i stiftinga og stiftinga har i ei rekkje år fått driftsmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vurdert anlegget til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og etter dialog med eigar og Riksantikvaren vart det i 2019 bestemt å starte opp fredingssak for anlegget for å bevare dei kulturhistoriske verdiane i det. Varsel om freding i medhald av Lov om kulturminne (kml) §§ 15 og 19 vart sendt ut den 20. mai 2019 og det kom inn 20 merknadar til varselet. Felles for merknadane var at dei var positive til at det vart starta opp fredingssak og dei uttrykte eit sterkt ynskje om at eigedomen skulle bli eit museum og open for almenta. På grunn av det store lokale engasjementet vart den 15. oktober 2019 halde eit ope møte i Olden, der fylkeskommunen informerte om fredingssaka og deltakarane kunne kome med innspel. I tillegg var det innlegg frå eigar og Musea i Sogn og Fjordane vedrørande vidare drift av anlegget.

Forslag om freding av eigedomen vart sendt på høyring/offentleg ettersyn i desember 2019. I forslaget vert føremålet med fredinga presisert på fyljande måte:

Føremålet med fredinga er å bevare Dalheim, som eit bygningshistorisk, arkitekturhistorisk og kulturhistorisk viktig eksempel på:

- Anlegg som kjelde til kunnskap om ulike sider ved samfunnet i første halvdel av 1900-talet og korleis ekteparet Singer kunne påverke etableringa av ny infrastruktur og nye kunstinstitusjonar i Noreg, Nederland og USA.
- Dalheim som eit døme på overklassen sine bygningar i første halvdel av 1900-talet, der bygningsmassen syner ein kombinasjon av norsk og amerikansk arkitektur og byggeskikk.
- Dalheim som eit døme på heimen til kunst og antikvitetsamlarar i første halvdel av 1900-talet.
- Bustaden og arbeidsstaden til kunstmålaren William H. Singer jr.
- Anlegget som kjelde til kunnskap om arbeids- og butilhøva til dei tilsette ved ein overklasseheim i første halvdel av 1900-talet.
- Bustaden til ekteparet Singer knytt til det store samfunnsengasjementet deira, som hadde stor betyding både lokalt og regionalt. Til dømes gjennom bygginga av vegen mellom Olden og Innvik, og bygginga av Nordfjord sjukehus.

Forslaget om freding etter kml § 15 omfattar alle bygningane, eksteriør og interiør, samt spesifisert laust inventar. Element i hagen som bakkemurar, tre, jordkjellar og stiar. Forslag om freding etter kml § 19 omfattar eigedomen til gb.nr. 86/27. Vestland fylkeskommune fekk inn tre merknadar til forslag om freding, frå styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde, Musea i Sogn og Fjordane og Kontaktgruppa for Singerheimen. I merknadane er ein positive til freding, men samstundes oppteken av at ein finn gode løysingar mellom vern og bruk av eigedomen.

Stryn kommunestyre handsama framlegg om freding i møte den 14. mai 2020, sak 061/20 - 20/5548. I saksutgreiinga vart det her gjort fyljande vurdering av forslag om freding:

Stryn kommune er samd i fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27. Anlegget på Dalheim vert vurdert til å vere eit unikt kulturminne av nasjonal interesse, og det er viktig å sikre at dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen vert bevart for ettertida, slik ei freding i medhald til kml. § 15 vil gjere. Heile eigedomen er føreslått freda i medhald av kml. § 19, då det er viktig at landskapet og dei nære omgjevnadane til anlegget vert bevart slik det er i dag.

Stryn kommunestyre gjorde fyljande vedtak i sak 061/20:

### **Dalheim/Singerheimen - Vedtak i Stryn kommunestyre**

Kommunestyret-061/20, har i møte 14.05.2020 fatta følgjande vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Vestland fylkeskommune har gått igjennom dei innkomne merknadane og vedtaket i Stryn kommunestyre og utarbeida eit endeleg forslag om freding av Dalheim/Singerheimen, sjå vedlegg. Administrasjonen har her lagt vekt på å finne ein god balanse mellom bruken av eigedom og vern av dei kulturhistoriske verdiane i den. Vedlagt ligg fylkeskommunen sitt endelege forslag om freding, dokumentasjon av anlegget, samt dei innkomne merknadane til forslag om freding og Stryn kommunestyre sin saksutgreiing og vedtak i sak 061/20.

#### Vedtakskompetanse

Fredingssaka vert gjennomført i medhald av kml § 22 som gjev reglar for sakshandsaming. Det er Riksantikvaren som har delegert vedtaksmynde for freding etter kml §§ 15 og 19, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven (ansvarsforskriften) av 15. februar 2019. I denne saka er det fylkeskommunen som førebur forslag til freding og Riksantikvaren som gjer endeleg vedtak om freding.

I Reglement for folkevalde organ og delegering er avgjerdsmynde i saker etter fullmakt fastsett i *Reglement for delegering etter særlov* delegert til hovudutvalet for kultur, idrett og integrering.

I Administrativt delegeringsreglement vert det presisert at Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde til å gjere uttale i saker om endeleg freding jf. kml § 22. Fylkesdirektøren legg difor det endelege framlegg om freding av Dalheim/Singerheimen fram for hovudutvalet i denne saka.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Eigedommen har fått tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til ulike istandsetjingstiltak i både 2019 og 2020, sannsynlegvis vil det vere behov for noko vidare tilskot til istandsetjing av eigedommen. Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde har frå den vart oppretta motteke driftstilskot frå fylkeskommunen, noko som vi må rekne med at dei også vil søkje om i åra framover.

**Klima:** Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket knytt til bygningsmassen vi omgjev oss med. Bevaring av kulturhistorisk verdifulle bygningar kan såleis vere eit godt og langsiktig tiltak for å ta vare på klimaet.

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

#### Kulturhistorisk verdi

Fylkesdirektøren har vurdert anlegget på Dalheim/Singerheimen til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og at det kvalifiserer til å kunne fredast i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19. I forslag til vedtak om freding vert dei kulturhistoriske verdiane i anlegget oppsummert på fylgjande måte:

I Vestland fylkeskommune si vurdering av eigedommen sin kulturhistoriske verdi har vi vektlagt eigedommen sin historiske kjeldeverdi høgare enn verdiane knytt til oppleving og bruk. Eigedommen Dalheim har bevart ei sær s høg grad av autentisitet i hage, bygningane sitt eksteriør og interiør, samt laust inventar. På bakgrunn av den høge grada av autentisitet er den ei sær god kjelde til kunnskap om dei ulike sidene ved samfunnet på første halvdel av 1900-talet. Eigedommen er eit godt døme på overklassen sine bygningar i Noreg og internasjonalt på første halvdel av 1900-talet, som fortel mykje om drifta av denne type anlegg og om levekåra til både eigarane og dei tilsette.

Vidare fortel anlegget mykje om korleis dei presenterte den store samlinga av kunst og antikvitatar for gjestane som dei tok i mot på Dalheim og korleis villaen der var forma til å vere ei ramme om dette.

Gjennom heile livet hadde ekteparet Singer eit fokus på å gje noko tilbake til samfunnet. Dette resulterte i at dei etablerte to kunstinstitusjonar, SingerLaren i Nederland og Washington Museum of Fine Arts i USA. I tillegg til at det vart gjeve ei stor gåve til Vestlandske Kunstindustrimuseum, dagens Kode 1, av gjenstandar frå samlinga deira på

Dalheim. I tillegg bidrog dei til lokalsamfunnet med etableringa av Nordfjord sjukehus og vegen mellom Olden og Innvik.

William H. Singer jr. var ein anerkjend kunstnar som stilte ut sine maleri i både Europa og USA. Studio på Dalheim vart hans viktigaste arbeidsstad, og motiva til maleria sine fann han i Noreg. Naturen i Noreg og arbeidet han gjorde på Dalheim var særst viktig for han som kunstnar.

Dei mange ulike sidene ved ekteparet Singer sitt liv og virke har påverka samfunnet i både Noreg, Nederland og USA. Dei har bidrege til samfunnsutviklinga i desse tre landa og etablert viktig institusjonar og infrastruktur. Anlegget på Dalheim var heimen deira i mange år og mykje av deira samfunnsbidrag vart etablert i den tida dei budde her.

Vestland fylkeskommune vurderer anlegget på Dalheim til å vere eit unikt kulturminne av nasjonal interesse. Det er etter vår vurdering viktig å sikre at eigedomen sine store kulturhistorisk verdiar vert bevart for ettertida. Ei freding i medhald av Lov om kulturminne § 15, der freding etter § 15 omfattar konstruksjonar i hagen, bygningane sitt eksteriør og interiør og lause gjenstandar frå tida Anna og William H. Singer jr. budde her, vil sikre eit godt vern av dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen. Landskapet i Olden som omgjev Dalheim er ei verdifull ramme rundt bygningane og det er viktig at dei nære omgjevnadane til anlegget vert bevart slik det er i dag. På bakgrunn av dette er det føreslått å frede heile eigedomen i medhald av kml. § 19.

For ei meir utfyllande vurdering av anlegget sine kulturhistoriske verdiar viser fylkesdirektøren til forslag om freding og til dokumentasjonsvedlegget.

#### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane ovanfor og rår til at forslag om freding av Dalheim/Singerheimen i Stryn kommune vert sendt til Riksantikvaren for vedtak om freding i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.